



Bente Nilsen er særns nøgd med resultatet av kai-opprustinga (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den tradisjonsrike Sandakaaien i Uskedalen er no rusta opp for 100.000 kroner av Nilsen Eiendom. Dagleg leiar Bente Nilsen opplyser at det er gjort for å gjera kaien og området rundt meir attraktivt og brukarvennleg, ikkje minst for dei som kjem med båt og vil leggja til eller reise derifrå.**

Arbeidet har ikkje begrensa seg til sjølve kaien. På området mellom kaien og Vertshuset har det gjerne danna seg ein stor vatndam. No er den drenert ut, det er lagt ned kummar og fylt på med grus.

På nordaustsida av kaien var det tidlegare nesten berre rot og skrot, nærmast ein opplagsplass for alt mogeleg. No er det snikra opp eit heilt nytt kaiområde her. Det er tre meter breitt og 18 meter langt og framstår som svært innbydande.

På innsida av det nye kaiområdet er det lagt ei rekkje med digre steinblokkar, som også er ført vidare i ein boga heilt fram til sjøhuset lengst ute på kaien. Så heretter blir det langt meir fristande enn før både å koma til og reise frå Sandakaien.

Av Ola Matti Mathisen